



Dato: 28.02.2014  
Saksnr.: 2014/414  
Løpenr.: 5997/2014  
Arkiv: U22  
Sakshandsamar: Marlin Øvregård Løvås

## **HØYRINGSUTTALE TIL FORSLAG TIL PROGRAM FOR KONSEKVENSGREIING JOHAN SVERDRUPFELTET I NORDSJØEN, STATOIL ASA**

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
44/14	Teknisk utval	20.03.2014

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Teknisk utval meiner føreslått program for konsekvensutgreiing i stor grad er dekkjande og viser elles til kommentarar i saksutgreiinga.

Arvid S. Vallestad  
rådmann

Per Ørpetveit  
Teknisk sjef

### **BEHANDLING I TEKNISK UTVAL - 20.03.2014**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **VEDTAK I TEKNISK UTVAL - 20.03.2014**

Teknisk utval meiner føreslått program for konsekvensutgreiing i stor grad er dekkjande og viser elles til kommentarar i saksutgreiinga.

## **SAKSUTGREIING:**

### **Bakgrunn og informasjon:**

Statoil har sendt på høyring forslag til program for konsekvensutgreiing for utbygging, anlegg og drift av Johan Sverdup-feltet i Nordsjøen. Feltet omfattar produksjonslisensane 265, 501 og 502, med Statoil Petroleum AS, Petoro AS, Lundin Norway AS, Det Norske og Maersk Oil som rettighetshaverar. Det er estimert at det er mellom 1,8 – 2,9 milliarder fat oljeekvivalentar samla i feltet. Det er planlagt at feltet skal levere olje til Mongstad og gass til Kårstø. Anlegga skal forsynast med straum frå land via kabel på Kårstø. Eksportørleidningar og anlegg for kraftforsyning frå land blir søkt om og behandla separat.

Prosjektet utløyser krav om konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga skal baserast på utgreiingsprogram fastsatt av Olje- og energidepartementet (OED). Konsekvensutgreiinga vil vere ein del av «plan for utbygging og drift» (PUD). På grunn av storleiken på investeringane, skal prosjektet godkjennast i Stortinget.

I føreslått program for konsekvensutgreiing er det gjort ei vurdering av området for feltet og følgjande tema er førebels vurdert:

- Miljø og kulturminner; utslepp og fysisk påverknad.
- Fiskerier og andre næringar til havs; fiskeri, skipstrafikk og vindenergi.
- Samfunnsmessige konsekvensar; inntekter, leveransar og sysselsetting.

Vidare er det planlagt å greie ut om følgjande tema:


- Natur- og miljøressurser, kulturminner.
- Utslepp til luft
- Planlagde utslepp til sjø
- Avfall
- Uhellutslepp
- Arealbeslag og fysisk påverknad
- Fiskerier og andre næringar til havs
- Samfunnsmessige konsekvensar
- Miljøovervaking

Utgreiinga vil også oppfylle krava i anna lovverk så som forureiningsloven § 13, kulturminneloven og naturmangfaldsloven. Konsekvensutgreiinga vil i stor grad basera seg på eksisterande dokumentasjon som er framlagt i samband med «Helhetlig forvaltningsplan for Nordsjøen og Skagerak», samt regionale konsekvensutgreiingar for Nordsjøen.

### **Uttale frå næring v/Haugaland Vekst:**

Haugaland Vekst ser på det som positivt at utbygginga av og legging av røyr frå Johan Sverdrup feltet fører til at Kårstø gassbehandlingsanlegg får tilført meir gass. Dette vil være eit bidrag til som er med på å sikre tilførsel av gass til anlegget på sikt. Når det gjeld elektrifisering av feltet som er planlagt med straum frå Haugsneset, er det ein eigen konsekvensutgreiing for dette. Denne ble godkjent av Norges vassdrags- og energidirektorat og Olje- og energidepartementet i september 2012.

Om det er langt fram og framleis usikkert, skal ein være klar over at gassrøyret vil berøre området som er sett av til Utsira nord, eit utviklingsområde for flytande havvind vest for Karmøy. Slik det kan sjå ut på kartet, vil det være mogleg å tilpasse dette om det skulle bli aktuelt å byggje ut i framtida.



### **Merknader og kommentarar:**

Rådmannen meiner føreslått utgreiingsprogram gir grundig informasjon rundt det planlagde prosjektet, og i stor grad er dekkjande som grunnlag for konsekvensutgreiing. Etter dokumentasjonen ein har i dag ser det ikkje ut til at anlegget vil ligge i direkte konflikt med særleg verdifulle område.

Rådmannen legg til grunn at elektrifiseringsprosjektet av Utsirahøyden og eksportørørleidningar for olje- og gass blir utreda og omsøkt som separate prosjekter. Til orientering ga teknisk utval i sak 44/12 av 29.03.2012 uttale til forslag til program for konsekvensutgreiing for Utsirahøyden elektrifiseringsprosjekt. Sak vedrørende planar om omformarstasjon for likestraum og ny veg til industriarealet på Haugneset var opp i teknisk utval 29.11.2012, sak 171/12.

Rådmannen viser elles til kommentarar frå Haugaland Vekst.

### **Vedlegg:**

Utbygging og drift av Johan Sverdrup-feltet i Nordsjøen - høring av forslag til program for konsekvensutredning

Johan Sverdrup-feltet - høring av forslag til program for konsekvensutredning - feltutbygging